

INFORMASJON

HYRDINGRØYSTA

NR. 3/2023

OKTOBER

Grunnlagt 1938

84. årgang

«...stein og rabbar

Der lynget og mosen kravlar.

Tusuntals plantar

Og blomar av ymse slag.»



Elsa Norunn Håheim Nydal sine flotte bilete, som er utgangspunkt for dei vovne bileta som heng i Helgheim kyrkje.

Frå redaksjonen

Sommaren er over, og meiningane mange: Var det ein elendig sommar i år òg? Rett nok har vi fått vår porsjon av regnet, men jammen har det vore fine, varme dagar òg. Ein fin forsommar, mykje regn i juli og august – og ein og annan varm, fager sommardag, som fint set mot i ein innbarka vestlending att. Vi er «so ymse vande», så vi syslar på som vanleg, på bøen og i skogen, i hagen og på fjellet. Klimaet gjer oss ganske gode til å nytte dei gode dagane, og på den måten få mest mogleg ut av sommarhalvåret.

Kyrkja har våga seg ut i det fri, med folke-musikk-gudsteneste ved Paulsvatnet i august og med Torbjørn «Kvitanesen» Ljones i robåt frå kyrkje til kyrkje i juni. To fine dagar, som skapt for å nytte naturen. Meir om dette inni bladet.

Hausten er her, avlingane for det meste i hus, og på våre trakter har vi lite å gremje oss over i så måte. Vel regnar det i tide og utide,

men her renn vatnet stort sett vekk, i motsetning til austanføre, der dei har hatt ein sorgjelig våt sommar. Slike somrar kan ta motet frå den mest innbarka bonde.

Denne hausten har også bydd på val av representantar til å styre kommune og fylke, og som vanleg er nokre nøgde, andre skuffa og misnøgde. Somme resultat kan gå ut over samarbeidet i kommunane og fylka. Her gjeld det om å legge til sides usemja og sjå framover; finne moglegheiter og løysingar. Vi må ha tru på at vi har valt inn interesserte, framsynte folk, med positiv innstilling til vervet.

Kyrkjeval har vi òg hatt, det har gått ganske upåakta forbi i media. Men sokneråda gjer eit viktig arbeid i lokalmiljøet, der dei fleste av oss har kvardagen vår. Vi ønskjer dei nye soknerådsmedlemene lukke til med eit viktig arbeid!

Hugs bladpengane

Bladpengane er den viktigaste inntektskjelda vår. Om alle betalar kan vi lage eit både fyldigare og betre blad. Sjå meir på neste side.

KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

☎ 57 82 81 80
Ope tysdag 9-15 : Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.
post.jolster@sunnfjordkyrkja.no
www.kyrkja.no
www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57828180
E-post: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:
Nils Gjerland, leiar tlf.: 950 74 007

Ålhus sokn:
Irene Muren Knapstad tlf: 992 47 006

Helgheim sokn:
Astrid Aardalsbakke Feldt
☎ 416 84 368

Sokneprest Silje Sørebo
Kontortid etter avtale
☎ 473 99 492
silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye
Kontortid tysdagkl. 9-15
post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeverje
Sissel Vartdal
☎ 489 91 257
sissel.vartdal@sunnfjordkyrkja.no
Kontortid etter avtale

Ass. kyrkjeverje
Trond Herløvsund
☎ 489 58 086
trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Kantor Rune Molvik
☎ 99127430
rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no
Kontortid tysdag kl. 9-15

Kateket Ute Lindner
Kontortid etter avtale
☎ 489 58 165
ute.lindner@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar Helge Årdal
☎ 97 64 90 16
epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

Utleigenummer Misjonshuset på Skei
☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter
☎ 971 20 085

HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

ANDAKT

sokneprest SILJE SØREBØ

MOTGIFT MOT MISNØYE

«Kjøkenet vårt burde vore pussa opp. Det er altfor 90-tals!» «El-bilen burde hatt lengre rekkevidde, då hadde vi sloppe desse ladestoppa!» «Ein airfryer kunne gjort at middagslaging blei mykje enklare og middagane betre og saftigare». Det er dette som er reklamen si oppgave: å få oss til å tenkje slik, tenkje på alt vi manglar, alt vi kunne skaffe oss som kunne gjort livet betre, alt vi er misnøgd med. I sosiale medium har du store mo-gelegheiter for å bli fora med reklame som er spesialtilpassa deg, slik at akkurat du blir enda meir klar over kva du manglar og enda meir misnøgd med den du er og det du har. Ja, for det er nettopp dette forbrukarsamfunnet lever av - misnøya vår. Det er berre det at misnøya hindrar oss i sjå kva vi faktisk har, alt vi kan vere takksame for. Den hindrar oss i å leve her og no, fordi vi alltid skal vere på jakt etter noko meir, noko anna. Eg veit om ei motgift mot slik misnøye. Eg finn denne motgifta i salme 23 i Det gamle testamentet. Denne salmen begynner slik: «Herren er min hyrde, eg manglar ikkje noko». Eg trur at den som skreiv denne salmen for fleire tusen år sidan i det gamle Israel eigde langt mindre

enn oss som lever no. Likevel seier han: «Eg manglar ikkje noko». Orda minner meg om at det Gud stadig gjev, kjærleik, nåde, tilgjeving, har gjort meg uendeleg rik. Og orda hjelper meg til å dvele med alt som faktisk er godt, i staden for å trå etter alt som skulle vore annleis. Dei hjelper meg til å sjå alt som eg har i livet, mat på bordet, eple i hagen, ein solnedgang over Jølstravatnet og menneske rundt meg som gæver frå ein kjærleg Gud. Om eg kjenner misnøya komme snikande, kan eg jo prøve å seie desse orda til meg sjølv, gong på gong: «Herren er min hyrde, eg manglar ikkje noko». Det skulle ikkje forundre meg om orda vil ha sin verknad på korleis eg ser på livet, meg sjølv og menneske rundt meg.

Bøn: Eit takknemleg hjarte

Du som har gjeve meg så mykje, gje meg enda ein ting: eit takknemleg hjarte. Ikkje eit hjarte som takkar når det passsar meg, som om di velsigning hadde magre dagar, men eit hjarte som bankar i lovprising til deg. (Gorge Herbert 1593-1633)

Salme 23

David prisar Herren, den gode hyrdingen som gjev han kvild, kveikjer og vaktar han og syter for han, og segjer seg viss på at han i samfundet med herren skal njota rik velsigning heile si levetid. Ein salme av David.

1 Herren er min hyrding, det vantar meg ingen ting.

2 Han fører meg til læger på grøne engjar; han leier meg til vatn der eg finn kvila.

3 Han kveikjer mi sjel, han fører meg på rettferds stigar for sitt namn skuld.

4 Endå um eg skulde ganga i daudeskugens dal, so ottast eg ikkje for noko vondt; for du er med meg, din kjepp og din stav dei trøystar meg.

5 Du dukar bord åt meg framfor augo på mine fiendar. Du salvar mitt hovud med olje; det floder yver mitt staup.

6 Berre lukka og miskunn skal fylgja meg alle mine levedagar, og eg skal bu i Herrens hus i ævelengd.

HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon.

Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året. Betalinga er frivillig. Annonseren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år.

For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast. Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703.30.09225. Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

(mellombels)
Hildegunn Huus
Ingrid Søyland
epost: hildegso@online.no
soyland.ingrid@gmail.com
Neste nr. kjem i oktober

FRISTAR:

for levering av stoff til dei neste utgåvene i 2023 er:
Hautnummeret:
- frist 12. september
Julenummeret:
- frist 21. november



Dåpsføljet.

Gudsteneste og Paulsmusikk ved Paulsvatnet

Langs vegen frå Håheim til Førø og Breimsvatnet, ligg Paulen. I Paulen var det seks brøyr som spela fele og komponerte musikk. 13. august var det gudsteneste med barne-dåp og Paulsmusikk ved eit spegelblankt Paulsvatn.

Tekst og bilete:
STEINAR DVERGSDAL

John Oddvar Kandal saman med Leif Arne Åsen og Siv Janne Fosheim stod for musikken. Kandal fortalde òg om si tilknytning til Paulen og musikken. Første gongen han var i Paulen var det med lastebil med «busspåbygg» frå Breim. Det var i 1956. Då var han 6 år. Paulsmusikken har følgd han frå ungdommen gjennom heile livet. Han gav uttrykk for at det var for han ei høgtideleg og fin oppleving å spela denne musik-



Spel ved Paulsvatnet.

ken for kyrkjelyden på denne heimebana. Fleire av oss meiner å ha registrert ei skjelving i røysta som understreka at han inderleg meinte det han sa.

Den andre storslegne opplevinga var ein strålende barne-dåp. Aleksander Gåsemyr Egge vart

ikkje døypt i vatn frå Genesaretsjøen, men i ekte Jølstersk Paulsvatn. Han og eit stort bunadskledd dåpsfylgje stråla i sommardagen og spegla seg i vassflata.

Silje heldt som vanleg ei fin preike over tekst frå Matteuse-

vangeliet. Ei setning der lyder slik. «Er ikkje livet meir enn maten og kroppen meir enn kledda?».

Jau, det kan vere kulturoppleving i gudsteneste i Guds frie natur med Paulsmusikk og barne-dåp.

I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)



Møte med eit dikt

Denne gongen er det Jorunn Hope som presenterer eit dikt ho er glad i.

Første møtet mitt med *Ord over grind* av Halldis Moren Vesaas var som elev ved Vassenden skule. Diktet skulle komme til å bety mykje for meg i åra som kom. Som ungdom las eg det som eit kjærleiksdikt, og tolka det som møtet mellom to hjarte. At den som kjem til den inste grinda er den ein skal dele livet med.

Som vaksen les eg det som eit bilete på korleis vi kjem og fer frå verda aleine. At inst der inne, der skal vi alltid vere aleine, ingen skal komme så tett på. Men dersom ein har eit menneske som kjem heilt inn til den inste grinda, så er det godt. Det treng ikkje vere så mange gonger det skjer.

Endå seinare, etter at sosiale medium verkeleg trengde inn i kvardagen min, har eg lagt endå ei tolking i desse orda. For det er ikkje alt som skal snakkast om med alle, alltid. Nokre ting skal vi berre dele med dei som kjem til



den inste grinda. Dei få. Vi lever i eit samfunn der det store blir gjort smått ved å snakkast i hel, og det vesle får vekse seg stort i skuggane. Det er då ein treng dei treffa, over den inste grinda. Og kanskje får ein berre nokre få slike treff i løpet av eit heilt liv, men dei er verdfulle når dei skjer, og må skattast.

Folk treng folk, seier dei i serien Skam, og for meg seier Ord over Grind nett det; Folk treng folk, og vi treng kvarandre. Men inst inne er vi likevel alle aleine. Og slik skal det vere. Derfor er

Ord over grind

Halldis Moren Vesaas

Du går fram til mi inste grind
og eg går òg fram til di.
Innanfor den er kvar av oss einsam,
og det skal vi alltid bli.

Aldri trengje seg lenger fram,
var lova som gjaldt oss to.
Anten vi møttest titt eller sjeldan
var møtet tillit og ro.

Står du der ikkje ein dag eg kjem
fell det meg lett å snu
når eg har stått litt og sett mot huset
og tenkt på at der bur du.

Så lenge eg veit du vil kome iblant
som no over knastrande grus
og smile glad når du ser meg stå her,
skal eg ha ein heim i mitt hus.

det viktig å like og trivast med den ein er inst der inne. For som vi kom aleine inn i verda, skal vi reise herifrå aleine. Og ein er heldig om ein møter eit menneske

som kjem heilt inn til den inste grinda. Det er ikkje alle forunn.

Jorunn Hope

Nytt frå sokneråda i Jølster 2. og 3. kvartal 2023

- Endeleg gudstenesteplan for hausten 2023.
- Gudsteneste under Jazz på Jølst, vitjing av Ine Hoem.
- Bruk av aktivitetsmidlar framover. Dette er midlar ein får tildelt for å fremje aktivitet i det kristne arbeidet.
- Skal ein flytte konfirmasjonen? Ein del plassar gjer ein det. Vi vurderer det ut frå kvadranten andre gjer, som det er naturleg å ha litt samarbeid med.
- Evaluering av konfirmasjonsfesten. Vart den slik vi ynskter, bør noko endrast?
- Val til sokneråda og bispedømerådet, tid og stad.
- Røystegjeving i heile fellesrådområdet. At alle i området til Sunnfjord kyrkjelege fellesråd kan røyste i heile kommunen.
- Meldingssaker, som arbeid med kyrkjemusikalsk arbeid, referat frå utvalet for trusopplæring. Seminar for foreldre med små barn med nedsett funksjonsevne. utlysing av stilling som kyrkjelydspedagog for Jølster, Gaular og Naustdal, gudsteneste der ein takkar av dei gamle sokneråda og ynskjer nyc velkommen.
- Budsjett for 2024
- Trusopplæringsressurs, Andrine Haugen Lundekvam er tilsett for eit år.
- Bruk av konfirmantmedhjelparar i gudstenestene.



Torbjørn «Kvitanesen» Ljones, Andreas Ljones og Silje Sørebo.

Tre kyrkjer og eitt kveldssete – Kvitanesen ror Jølstravatnet

Ein heilt spesiell jølsterdag! Juni, sol og varme, glade menneske på friluftsgudsteneste ved Sanddal grendehus, robåt-entusiast Torbjørn «Kvitanesen» Ljones og sonen Andreas, som høvesvis heldt preika og spelte til salmane. Kyrkjekaffi med god «søge», rikeleg med natronkaker, sveler og meire til.

Neste etappe gjekk til Helgheim kyrkje – dei fleste med bil, men Kvitanesen og Silje prest tok årane fatt og rodde vatnet. Det tok nokre timar – Jølstravatnet er breiare enn ein skulle tru! I Helgheimkyrkja fortalde kunstnaren Elsa Norunn Håheim Nydal om bileta sine, som er utgangspunkt for dei vakre, vovne bileta som heng i kyrkja.

Ferda gjekk til Ålhus. Sol, fornøgde folk og herleg nonsmat

i sommarkledd prestegardshage, følgt av tur innom Ålhus kyrkje, der Fridtjov Urdal fortalte om kunsten og om kyrkja si historie.

Siste etappe gjekk til Hammarsbakken og Ole-Magnus Kapstad sitt forvitnelege selskapslokale. Der var det fullt hus på kveldsseta, med betasuppe, gode historier og flott felespel

ved høvesvis Kvitanesen og sonen Andreas.

Kvitanesen rodde alle strekka, og var truleg godt nøgd og rimeleg sliten, då han kunne dra båten på land ved Hammarsbakken i halv ni-tida om kvelden.

FOR ein jølsterdag!

Ingrid Søyland



Nonsmat i prestegardshagen..



Far og son; Torbjørn og Andreas Ljones

Konfirmantarbeidet hausten -23, våren -24



Førebuingar for konfirmantar våren 2024 er godt i gong, det vil de sjå av bilda under. Når vi ser på bilda, vil eg minne på eit uttrykk som eg høyrde mykje i min barndom. «Godt byrja er halvt fullendt!»



EIN PLASS FOR ALLE

Born og unge i kyrkja i Jølster

VI INVITERER TIL DESSE TRUSOPPLÆRINGSSAMLINGANE
for born og ungdom til hausten. *Nokre gongar er det påmelding.*

- **16.10.**
Måndag etter skulen: Samling for 6-åringar i Helgheim sokn på Skei misjonshus
- **21.10.**
Samlingar for 4-åringar: kl. 10.00 på Vassenden kyrkjesenter og kl. 13.00 på Skei misjonshus
- **22.10.**
Familiogudsteneste med utdeling av 4-årsbok kl. 11.00 i Helgheim kyrkje (også bok til 6-åringar) og kl. 14.00 på Vassenden kyrkjesenter
- **05.11.**
Kl. 16.00: Trygg til natta-gudsteneste i Helgheim kyrkje for 2- og 3-åringar
- **18.-19.11.**
Lys vaken-leir på Vassenden kyrkjesenter for 5.- og 6.-klassingar
- **27.11.**
Måndag etter skuletid: Samling for 6-åringar i Ålhus sokn på Vassenden kyrkjesenter
- **3. 12**
1. søndag i advent: Familiogudsteneste med utdeling av 6-årsbok på Vassenden kyrkjesenter kl 11 og lysmesse med konfirmantar og speidarar kl 20

AV FASTE TILBOD FOR BARN OG UNGDOM HAR VI:

- **VaBa-klubb** på Vassenden kyrkjesenter kl.17.15 – 18:30 (annankvar måndag – oppstart 2. oktober) - 4 år og oppover
- **Babysong** på Vassenden kyrkjesenter kl. 13.00 (annankvar torsdag)
- **Torsdagsklubb** på Skei misjonshus kl.17.30 – 18.45 (annankvar torsdag) – 4 år og oppover
- **Speidargruppe** på Skei onsdagar på Skei misjonshus - 6 kl og oppover
- **Klubbkveldar** på Vassenden kyrkjesenter for konfirmantar

Sjå www.kyrkja.no/jolster for informasjon når det nærmar seg.

Hjarteleg velkomen!

SONGSTUND OG ANDAKT

Klokka 14 i stova på
**VASSENDEN
OMSORGSSENTER**



Fyrste og tredje tysdag
kvar månad.

5. sept. og 19. sept.
3. okt. og 17. okt.
7. nov. og 21. nov.
5. des. og 19. des.

Alle er velkomne!

Helsing
sokneprest Silje Sørebo og
organist Rune Molvik

SONGSTUND OG ANDAKT

Klokka 16.30 i stova på
SKEI OMSORGSSENTER



Fyrste og tredje tysdag
kvar månad.

5. sept. (nattverd) og 19. sept.
3. okt. og 17. okt. (nattverd)
7. nov. og 21. nov.
5. des. (nattverd) og 19. des.

Alle er velkomne!

Helsing
sokneprest Silje Sørebo og
organist Rune Molvik



TIDEBØN og OPEN KYRKJE

Kvar tysdag er det Tidebøn kl. 11:00
og Open kyrkje 10:00-13:00

Vassenden kyrkjesenter.

Ei stille stund
med rom for ro og ettertanke

Unntak: Når det er gravferd.

50 års konfirmantar 2023

Grunna flytting av konfirmasjon frå haust til vår for 50 år sidan, har vi ikkje 50 års konfirmantar hausten 2023. då vert det ikkje jubileum for 50 års konfirmantar for våren 2024. Informasjon om det vil ein komme tilbake til.

Frå Salamos ordtøke

9. KAPITTEL

VERS 12

Er du vis, så gagnar det
deg sjølv,
Og er du ein spottar, lyt
du lida for det åleine.

10. KAPITTEL

VERS 9

Den som ferdast ulas-
tande, ferdas trygt.
Men den som gjeng
krokveggar, han vert
kjend.

Trufaste dugnadsfolk innvendes og utvendes



VaBa – klubb

Vassenden barneklubb- eit aktivitetstilbod i kyrkja for barn (frå ca 4 år og oppover) og familiane deira.

Vi samlast på Vassenden kyrkjesenter annankvar veke
Haust 2023 blir det på måndagar kl. 17.15 – 18.30

Song, leik, forteljing
og ulike aktivitetar (f.eks forming, uteaktivitet, baking....)

DATOAR FOR VaBa – klubb:

2. oktober
16. oktober

30 oktober: (denne dagen må du ta på utekle
- gjerne med utkleddingskle utanpå - og ta
med lommelykt. Vi skal gå til gapahuken i
skiløypa.)

13. nov,
27. nov,
11. desember (Luciafeiring)

Helsing Mari Håland, Renate Kvammen og Silje Sørebo (tlf 47399492)



VELKOMMEN!

BABYSONG I JØLSTER

Torsdagar kl. 13:00 på Vassenden kyrkjesenter

(Lokalet er ope 20 min. før)

Song, musikk, regler og rørsler i kyrkjerommet (ca 30 min.). Etterpå
vert det mat og prat, sosialt både for foreldre og babyar. Det er
mogeleg å kjøpe kaffi/ te og noko attåt for kr 20.



Datoar:
7. sept., 21. sept.,
5. okt., 19. okt.,
2. nov., 16. nov. og 30. nov.

VELKOMMEN!

Arr: Kyrkja i Jølster



GJESTESKRIBENTEN:

Tekst og bilde: AAGE STEINAR FØRDE

Tilhøyring



Sit her på Solbakken og ser ut glaset, skogen er i ferd med å skifte til haustfargar og vêret er som det brukar å vere på denne årstida. Rufse, hutre og ustabil med regn, yr og morgonskodde omeitanna. Heldigvis får vi likevel ein og annan godvêrsdagen med gløtt av sol og delvis blå himmel. Vi er i rute, alt er som det brukar å vere. Hausten er over oss.

Hausten er ei fin tid, og gjerne ei tid med mørkare kveldar. Ein startar tidelegare med kveldsstunda i stova med fyr og god varme frå omnen. Desse stundene er meir reflekterande, og minna kvernar med mjukare innhald no etter at eg nådde pensjonsalderen.

Ein tanke, eit minne, eit behov, som oftare og oftare dukkar opp, er tilhøyring. Tilhøyring til sine eigne, til sin familie, til ein heim, til ei grend, til eit kyrkjesokn, til ein kommune og til landet vårt. Vil tru at eg ikkje er aleine om og med ein slik arv av tilhøyringstankar.

Tilhøyring I

Eg er født og bur her på Solbakken i Førs, som er grenda «mi». Grenda eg høyrer til, var frå tidlegare tider ein del av Breim kommune. Difor kalla eg meg – og var - breiming fram til kommunesamanslåinga i 1964. Deretter vart

eg brått jølstring og har trivest med og fått kjent på den tilhøyringa. Kan hende har eg ikkje kjent på den store skilnaden, anna enn litt språkleg og nye ansikt. Dialekta kan verke lik, men tonefallet og enkeltord og uttrykk er det skilnad på. Eg trur forresten eg har mykje «breimsmål» i meg endå. Alle gode ting er tre, heiter det. No er eg – og vi – inne i fjerde året som sunnfjordingar. Men, føler at eg korkje er eller vert ekte sunnfjording. Nok er nok. Har budd her eg bur heile mi tid, men høyrte til tre ulike kommunar. Tru om det mange som kan «skryte» av det same. Det er mangt som kan seiast om kommunesamanslåingar, men det får verte i eit anna forum.

Tilhøyring 2

Skulehuset i Førs vart opphavleg bygd i 1903, og stod då på Egge i Breim. Det var fram til 1927 skulestove for Gåsemyr skulekrins. Denne krinsen omfatta gardane Bergheim, Gåsemyr, Hjelle og Egge i Breim. Dei tok same året i bruk si nye skulestove, og det gamle vart etter dette ståande tomt. I Førs var det ikkje skulestove på denne tid, men borna her gjekk i sokalla omgangsskule. Det vil seie at det vart halde skule på omgang i stovene her i grenda. Læraren, eller skulemeisteren/frøken, som dei truleg vart kalla på den tid, hadde som oftast kost og losji der dei skulte. Det har ikkje vore samanhengande skule for borna her i Førs-grenda. Frå 1910 til 1924 vart det på grunn av barnetalet ikkje halde skule her i grenda. Dei som var skulebarn, vart då rodde til nabogrenda Årdal i Breim og budde her skuledagane, før dei vart henta heim att. Sikkert ikkje berre berre for dei minste. Men så, i 1930, etter eit sterkt ønskje frå den tidas førsarar, vart det gjort vedtak i Breim Heradsstyre om å kjøpe den gamle skulestova på Egge og flytte den til Førs. Prisen hadde dei semjast om til kr. 1100, - men då slik som den stod, som det var skrive. Kan nemne at varaordføraren i denne perioden var førsar, og vedkomande hadde nok hatt eit ord med i laget. Denne vinteren sala førsarane hestane sine og drog gjennom Våtedalen til Egge.



Reiv og merkte den gamle tømra skulestova. Frakta den på slede til Førs og reiste den att her, som den står i dag. Dei frå grenda som er fødte etter 1923/24, har starta «utdanninga» si i denne skulestova. Skulen var sjølvsagt udelt, som vil seie at alle skuleborna, uansett alder, var samla i ei klasse. Etter innbyggartalet var Førs ein liten skulekrins, men det var fleire slike små krinsar i gamle Breim kommune. Fram på 50-talet vart det på ny snakk om skulenedleggingar og samanslåing av krinsar. Naturlegvis vart det òg stilt spørsmål om skulen i Førs hadde livets rett. Men, «vi» streta imot, og fekk behalde skulen ei tid til. 1959 vart derimot eit vere eller ikkje vere for skulen i grenda. Den hausten var her berre fem skuleborn, og året etter berre tre. Nedleggingstrusselen var til å ta og føle på. Løysinga vart at eg og ein jamaldring, som begge fylte fem år dette året, starta skulegongen denne hausten, og det medførte at vi fekk behalde skulen nokre år til. Litt sjølskryt. No snakkar dei om 6-årsreforma. Her snakka vi om 5-årsreform, så tidleg som i 1959. Slå den. Rett skal vere rett, det vart vel kan hende første året mest som ein barnehage for oss to. Men, lese og skrive trur eg vi delvis lærde og kunne før året var omme. Skulehistoria i Førs vart avslutta samtidig med at grenda ved kommunesamanslåinga i 1964 vart overteken av jølstringane. Hausten året etter var vi som då var i skulealder, på plass i ny skulestove på Skei.

Minne frå skuletida i Førs

Karen som skriv dette er medfødt keivhendt. Det har sine ulemper i ein skulekvardag, med eit blekkhus i det runde hølet på høgre sida framme på pulten og penn i venstre handa. Så vart det ofte det eg vil kalle for «flytande» skrift. Dette tykte ikkje Einar Skulemeister noko om..... »Du lyte skrive med rette handa gut«, kakka han i kateteret og sa. Enklare sagt enn gjort. Men, den som ikkje vil, den skal. På skulen måtte eg skrive med høgre, men i leksene heime vart det keiva. Problemet då var at den same Einar hadde kost og losji nettopp heime med oss. Så det var ikkje problemfritt heime heller, og eg skreiv i alle desse åra like rufsete med begge hendene. Men er du keivhendt, så er du keivhendt. Det lét seg ikkje endre, og eg skriv i dag naturlegvis med «gohanda» mi.

Einar var elles ein roleg og sindig kar, og i friminutta kunne han ofte drøyme seg vekk. Med pipa i munnvika rusla han fram og tilbake etter vegen ved skulestova. Ofte kunne det verte ein gange eller tur for mykje, slik at vi fekk eit laaangt friminutt. «Huff nei, no må vi visst bjønne igjen», humra han medan han kom småspringande rundt hushjørnet. Høflege og snille som vi var, gav ikkje vi han beskjed om slike ting.

Skuledagen vart alltid starta og avslutta med song. No livnar det i lundar, Fager kveldsol smiler, Småsporven gjeng i tunet, At far min kunne gjera og Nordfjordsongen. Desse sit mest like godt no som då.

Tilhøyring 3

Må innrømme at kyrkja mi storparten av livet har vore Breim kyrkje. Dette skuldast nok for det meste at eg er døypt her og at våre forfedrar er gravlagde ved denne kyrkja. Sjølv om Førs-grenda vart innlemma i Jølster, var Breim den naturlege staden for generasjonen før meg å verte gravlagt. Meiner den første førsaren vart gravlagt på Helgheim i 1989. Den første som vart konfirmert i Helgheim var i 1965, altså same året som vi vart jølstringar. Eg må også innrømme at eg har mange av



mine finaste stunder når eg ruslar rundt på dei ulike kyrkjegardane. Her ser eg på gravminne etter gravminne, og tankar og minne sviv etter dei som eg har kjent, men som har gått bort og fått sin siste kvilestad her, og det har med åra blitt mange. Eg set meg gjerne ned og får i slike stunder ei indre ro. Stilt og vakkert.

Slekt og slektsgransking har det siste 10-året teke mykje av fritida mi, og det har blitt ein fin hobby. Eg finn mange opplysningar og svar om datoar og årstal på gravminna. I dag finn ein og mykje i skanna kyrkjebøker på nett. Ein hobby som kan anbefalast.

Vil takke for meg med eit dikt Rakel Viken skreiv fil oss i Førsgrenda.

Til Førsgrenda

Mel.: Å Vestland, Vestland

Vår vesle grend med fjell mot himmel blå,
i vårsol glans så ven du er å sjå.
Med grøne vollar og med blome vang,
og fuglesong i lia dagen lang.

Her er vårt bu, vår jord vi dyrka glad,
og heimen er for oss so kjær ein stad.
Her mellom blåe sva og berg og nut,
voks opp så mang ein staut og framtøk gut.

Om våren geit og kje i berget kliv,
då er det onne sjau og tidsfordriv.
Med bjølleklang frå grøne klett i fjell,
når sola gyller hei og dal ved kveld.

Når kyrkjeklokka kallar lyden inn,
til sundagsro og kvild for sjel og sinn.
Då seglar me på blanke fjorden ut,
til kyrkjefred og gløymer kav og sut.

Her kviler fedrane i vigsla jord,
dei streva trutt og gav oss arven stor.
Ja arbeidsgleda i vårt heime bu,
gjev løna rik i kjærleik von og tru.

SPAR 
NETTBUTIKK
Alltid same pris
på nett som i butikk

VI HANDLAR FOR DEG!

Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølstraholmen eller
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25



MASKINENTREPRENØR

Ottar Dvergsdal AS

952 00 433



EIN SMAK AV TRADISJON

frå Anne Grete og Hilde

Søgneseid • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



COOP MARKED VASSENDEN

Måndag–fredag: 8–20
Laurdag: 8–18

Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no



COOP PRIX SKEI

Måndag–fredag: 8–22
Laurdag: 8–21

Tlf: 57 72 83 77
prix@coop.no

nordfjord SKIFER *Naturstein av høg kvalitet*

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804



Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei

TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no



Tlf. 57 82 70 30 • fjordan.no • eirik@fjordan.no



Støfvingdal • Tlf. 951 46 531 • fjordamattunet.no



6847 Vassenden



www.jolsterbil.no Tlf. 57 72 68 90

VASSENDEN TAXI

mob. 482 10022

Drosje, rullestolbil og minibuss



Åsen & Øvrelid as

Tlf. 57 72 38 50



Hytter, bubilplasser, båter, kajaker, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde As
jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00

JØLSTER
BYGG OG INTERIØR

Tlf: 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook



ALF HELGHEIM & CO AS

6843 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 83 11
post@alfhelgheim.no
www.alfhelgheim.no



FOTO • UR • GULL • SØLV • MUSIKK

**TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?**

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige
liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT



Kyrkja er vår heim



OKTOBER

SØNDAG 01.10. KL. 19:00 (MERK TIDA)
18.SØNDAG I TREEINGSTIDA

Helgheim kyrkje

Gospelkveld

SØNDAG 08.10. KL. 11:00
19.SØNDAG I TREEINGSTIDA

Ålhus kyrkje

Gudsteneste med dåp og nattverd

SØNDAG 15.10. KL.11:00
20.SØNDAG I TREEINGSTIDA

Helgheim kyrkje

Gudsteneste i høve Jazz på Jølst.
Ina Hoem og Andreas Ulvo, deltek på
gudstene

SØNDAG 22.10. KL 11:00
21.SØNDAG I TREEINGSTIDA

Helgheim kyrkje

Familiegudsteneste, utdeling av 4 og
6-års boka. Soknerådet takke av/
presentasjon

SØNDAG 22.10 KL.14:00 (MERK TIDA)
21.SØNDAG I TREEINGSTIDA

Vassenden kyrkjesenter

Familiegudsteneste, utdeling av 4-års-
boka. Soknerådet takke av/presentasjon

DESEMBER

SØNDAG 03.12 KL 11:00
1.SØNDAG I ADVENTSTIDA

Ålhus kyrkje

Familiegudsteneste.

Utdeling av 6-års boka

SØNDAG 03.12 KL 20:00
1.SØNDAG I ADVENTSTIDA.

HELGHEIM KYRKJE

Ungdomsgudsteneste, Lysmesse

SØNDAG 10.12 KL 11:00
2.SØNDAG I ADVENTSTIDA.

Førde grendahus

Familiegudsteneste

Det kan bli endringar i gudstenestelista. Sjå heimeside, Det skjer, facebook. Det kan vere dåp i nesten alle gudstener, ta kontakt med Kyrkjekontoret om yn-skje om dåp. Nattverd er det mange av gudstenerene.

NOVEMBER

SØNDAG 05.11. KL. 11:00
HELGEMESSESØNDAG

Ålhus kyrkje

Minnegudsteneste på Helgemessesøn-
dag, for heile Jølster

SØNDAG 05.11. KL.16:00

Helgheim kyrkje

Familiegudsteneste

Trygg til natta

SØNDAG 12.11 KL.11:00
24.SØNDAG I TREEINGSTIDA

Helgheim kyrkje

Gudsteneste med nattverd

SØNDAG 19.11. KL. 11:00
25.SØNDAG I TREEINGSTIDA

Vassenden kyrkjesenter

Familiegudsteneste

Lys våken

KONSERTAR

2.OKTOBER KL.19:00

KONSERT I HELGHEIM KYRKJE

Bli med og opplev musikken fra Final
Fantasy VI (og litt musikk fra FFX og
FFIX) med orgel og kor.

På konserten får mellom anna høyre
Dancing Mad (final boss), Aria di
Mezzo Carattere (fra operahus-scena),
Prelude (crystal theme). Erlend Os, kyr-
kjeorgel, piano og Sevrine Søgnesand,
sopran. Kor fra Sunnfjord Folkehøgsku-
le, Naustdal Kyrkjekor

28. NOVEMBER KL. 18:00

HELGHEIM KYRKJE

Konsert Julesong med Inge Ronny Kvåle
m/fl.

02.12 KL.17:00

HELGHEIM KYRKJE

Konsert med Kvinnekoret Kvitre.

Døypete



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

27.08 Lale Borthheim Eikås

Vassenden kyrkjesenter

15.07 Georg Gjelsvik Dale

10.09 Matheo Steinsund

10.09 Gabrielle Sjøstad Ekroll

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

02.07 Johannes Nikolaj Wilson

Ved Paulsvatnet

13.08 Aleksander Gåsemyr Egge

Vigde



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

08.07 Anita Steinsbø Støfring og
Helge Bjørke

05.08 Jorunn Astrid Svidal og
Olav Husabø Cirotzki

12.08 Henriette Sunde og
Erik André Vanberg

02.09 Inger Furevik og
Bjørnar Slåtten

Vassenden kyrkjesenter

15.07 Margrethe Risnes Gjelsvik
og Albert Sowerby Dale

Gravlagde



ÅLHUS SOKN

Vassenden kyrkjesenter/
Vassenden gravplass

07.07 Dagfinn Gjesdal

24.08 Øyvind Solheim

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje /

Helgheim kyrkjegard

06.07 Astrid Veiteberg

01.08 Oddvar Mordal

08.08 Olaug Petra Aamot

17.08 Gunnar Årdal

08.09 Oddvin Skrede

Vegen vidare

– Temasamlingar for vaksne i Førde kyrkje hausten 2023

Kva lengtar du etter i livet ditt?

- Vi har mange ynskjer og draumar for liva våre.
- Vi kan leve gode liv og ha det materielt godt, og likevel kjenne på tomheit.
- Vi kan bere på ei djup lengsel som vi ikkje heilt veit kva er.
- Vi kan kjenne på at den Gud eg trudde på som liten ikkje svarar på dei utfordringane eg møter i vaksenlivet.
- Vi kan oppleve at den trua vi hadde har vorte uviktig, eller heilt borte, undervegs på livsvegen.

Bibelen opnar opp for denne undringa, dei vanskelege spørsmåla, tvilen og lengselen vår etter eit djupare og sannare liv.

I møte med tekstar frå Bibelen og i samtale med kvarandre kan vi saman hjelpe kvarandre på vegen mot ei fornying av trua som vaksne menneske.

Å lære meg å sjå Skaparen i det skapte og i kvardagsmøta.
Å koma nærare meg sjølv.
Å kunne erfare at Gud er nær.
Å få kjenne at livet mitt heng saman.

Alle foto:
INGVALD ANDERSEN FRØYEN



Temasamlingar og Bibelundervisning for vaksne

Hausten 2023 inviterer Førde kyrkjelyd til fire samlingar berekna på deg som er vaksen og som kan kjenne deg att i noko av det vi har sett ord på i den innleiande teksten.

Med utgangspunkt i tekstar frå Bibelen og i samtale vil vi forsøke å nærme oss nokre av desse store spørsmåla.

Barnetrua og vaksentrua har det same opphavet, men spørsmåla og utfordringane er ikkje dei same. Difor trur vi desse spørsmåla er noko vi alle treng å jobbe med for at trua vår framleis skal vere levande og relevant for dei liva vi lever som vaksne.

Fordi sjølve livet lever og skifter utan stans, så er det viktig at vi minner kvarandre på at også Gud er levande og til stades i liva våra og i verda. Difor er det ikkje farleg å spørje: Kven er Gud for meg no?

Gud finst i det heilage, men vi trur og at Gud er i det alminnelege. Korleis kan vi bli flinkare til å sjå Guds nærvær i våre alminnelege liv?

I gudstenestene våre kvar veke er det ikkje mykje rom for dei lange tankane og for samtale og spørsmål. Desse samlingane vil gje rom for nettopp dette.



Samlingane

Tidsramme 1 ½ time.

Innleiing til tema og innføring i sentrale Bibeltekstar.

Samtale i små grupper og oppsummering.

Enkel servering

Torsdagar frå 19.00 – 20.30

Datoar: 19.okt/ 2.nov/ 16.nov/ 30.nov

På Førde Kyrkjetun - andre etasje

Tema for samlingane

1. Eg og Gud
2. Eg og dei andre
3. Gleda
4. Fellesskapet

Samlingane vert arrangerte av Førde sokneråd og leia av sokneprest Ingvald Andersen Frøyen. Nokre av samlingane vil ha andre innleiarar eller samtaledeltakarar. Samlingane er opne for deltaking for alle som ynskjer å vere med uavhengig av kor ein bur.

Vi vil oppmuntre bibelgrupper og småfellesskap i kyrkjelyden til å forsøke å kome saman på desse samlingane, slik at ein kan samtale vidare i smågruppene i etterkant.

Arrangør: Førde sokneråd

Kontaktinformasjon:
sunnfjordkyrkja.no